



NN

**BRANTRYGGLEIK**  
**FOR ELDRE**

---



## RØYKVARSLAR

Tidleg varsling aukar sjansen for å redde seg ut i tide. Det er difor viktig å ha røykvarslarar som fungerer. Test gjerne røykvarslaren kvar månad og når du har vore vekke nokre dagar. Du skal kunne høyre den frå soverommet med stengt dør.

Brannvesenet anbefalar seriekopla røykvarslarar. Byt batteri ein gong i året, gjerne på Røykvarslarens dag 1. desember.

Det fins ulike varslingshjelpemiddel for hørselshemma. Ta kontakt med din lokale helseteneste.

## SLØKKJEUTSTYR

Alle bustader skal ha slökkjeutstyr, enten ein husbrannslange eller eit brannslökkjeapparat. Pass på at du har slökkjeutstyr som du kan bruke sjølv. Eit brannslökkjeapparat kan vere tungt å løfte. Eit brannteppe og ein slökkjespray er enkle å bruke, og kan difor vere nyttig tilleggsutstyr.

## RØMMINGSVEG

Møbler slik at du lett kan komme deg ut dersom det oppstår brann. Syt for at du har alternative rømmingsveggar og at rømmingsvegane er frie for hindringar.

## ELEKTRISK UTSTYR

**Sikringar** - Går sikringane ofte, kan det det vere teikn på at det elektriske anlegget ikkje er tilpassa din bruk. Bruk fagfolk når du skal gjere arbeid på det elektriske anlegget.

**Stikkontaktar** - Ikkje belast stikkontaktane med for mange elektriske produkt. Kast gamle skøyteleidningar og anna gammalt elektrisk utstyr.

**Lamper og varmeomnar** - Lamper og varmeomnar må ikkje dekkast til. Flyttbare omnar må berre brukast under tilsyn. Følg monterings- og bruksanvisninga for dei elektriske produkta dine.

**Vaskemaskin og tørketrommel** - Ikkje bruk vaskemaskina og tørketrommelen når du søv eller er vekke frå bustaden. Reingjer lofilteret i tørketrommelen etter bruk.





## HALD AUGE MED KOMFYREN

Halvparten av alle bustadbrannar startar på komfyren. Så godt som alle komfyrbrennar skuldast tørrkoking og ikkje tekniske feil ved produktet.

Ikkje gå frå komfyren når den er i bruk, og skru den alltid av når du er ferdig med matlaginga. Ha gjerne eit brannteppe og slökkjespray tilgjengeleg på kjøkkenet.

### Komfyrvakt hindrar brann!

Det er fort gjort å gløyme å skru av komfyren. Ved å installere komfyrvakt kan du hindre at komfyrbrennar oppstår. Komfyrvakta kuttar straumen dersom du gløymer å følgje med på kokeplatene.

Hjelpemiddelsentralane kan installere komfyrvakt gratis hjå spesielt utsette personar. Sjekk med sentralen om du eller den du kjenner har rett på dette. Kommunale ergoterapeutar, fastlege eller heimesjukepleiarar kan hjelpe med søknad.

## VER VARSAM MED BRUK AV OPEN ELD

**Røyking** - Ver varsam med røyking i sofaen eller godstolen. Røyk aldri på senga. Røyketeppe/-forkle fins på marknaden. Ikkje tøm oskebeget i bosspannet, men i ein brannsikker behaldar med lokk.

**Stearinlys** - Gå aldri frå eit rom med levande lys. Plasser aldri levande lys nær brennbart materiale som lysmansjettar, pynt eller dekorasjonar.

## VED BRANN

**Redd** alle som er i fare.

**Varsle** naudnummer 110.

**Sløkkje** dersom du ikkje utsett deg sjølv for fare.

**Rømme** til sikkerheit.

# SJEKKLISTE FOR BUSTADEN

- Sørg for at røykvarsleren verkar og kan høyrast overalt i bustaden.
- Vurder installasjon av komfyrvakt.
- Installer tidsbrytar på kaffitraktaren og vannkokaren.
- Pass på at det fins sløkkjeutstyr som også bebuaren kan bruke.
- Sjekk at rømmingsvegane er frie for hindringar.
- Om varmtvannsberedaren ikkje er kopla direkte på straumnett, dra jamnleg ut støpselet og sjekk det for svimerker.
- Fjern lysestakar av brennbart materiale.
- Støvsug eller tørk støv av elektriske apparat (tv, panelomn, varmepumpe).
- Ikkje plasser brennbare gjenstandar på komfyren.
- Pass på at gardiner, dukar, aviser og møbler er i god avstand frå panelomnar.
- Ved røyking, pass på at det fins ein brannsikker behaldar til oske og sigaretttsneipar.
- Sjekk at stikkontaktar og skøyteleidningar ikkje er belasta med for mange elektriske produkt.



## Bergen brannvesen

Postboks 7700  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Lungegårdskaien 44

Tlf: 53 03 00 00

[bergen.brannvesen@bergen.kommune.no](mailto:bergen.brannvesen@bergen.kommune.no)  
[www.bergen-brannvesen.no](http://www.bergen-brannvesen.no)



[facebook.com/bergenbrannvesen](https://facebook.com/bergenbrannvesen)



[twitter.com/johnnybreivik](https://twitter.com/johnnybreivik)  
[twitter.com/110hordaland](https://twitter.com/110hordaland)



[instagram.com/bergenbrannvesen](https://instagram.com/bergenbrannvesen)